



STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

# KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 3 • SEPTEMBER 2023  
84. ÅRGANG



På heimebesøk i Nepal  
Side 3

Frå Aserbajdsjan med  
energi og empati  
Side 6-7

Milliondryss frå  
riksantikvaren  
Side 9

Årsmøte i Indremisjonen  
i gamle dagar  
Side 11

## FRAMSIDA

Kvinner frå Nepal samla til fellesskap

## YNSKJER DU GRAVSTELL?

Fellesrådet sine tilsette steller graver for mange - men har kapasitet til meir.

Ring kyrkjekontoret for prisar og info, tlf. 474 83 120. Eller sjå våre heimesider på kyrkja.no/kvam



Den norske kyrkja i Kvam

## LEIAR

## Tid for å hausta inn

Det høyrdest då veldig dommedags-aktig ut? Det bibelske omgrepet «å hausta inn», er velkjent i mange kristelige samanhengar. Og i sanning kunne dette vore ein andakt om temaet.

Men så var det noko heilt anna som var i tankane til kyrkjevevja i dag. Det er tid for gjennomgang av alle gravfeste som forfell til betaling i år. 345 graver står på lista, og alle festarar skal kontaktast. Skal grava takast vare på? spør kyrkjevevjen etter innleiande rundar med prat om liv og helse, ver og vind. Ja, det var det, då? Det vert oftast ein god samtale, og så er det slik at i om lag 70% av tilfella vert slekt og pårørende samde om at jau, grava til tante må få stå der nokon år til, det er for tidleg å sletta den endå.

Men 30% - sånn statistisk sett, då – kjem til motsett konklusjon: Nei, no er tida inn for å sletta denne grava. Alt har si tid på jord, også gravminne. Ein dag vert det siste fysiske minnes-

**Olav Skeie Lid**

Redaktør



merke om oss menneske teke opp, og fjerna. Slik må det vera. Men underleg tankar er det som kjem for ein når ein held på med dette. 70-80 steinar skal sikkert fjernast også dette året. Det er med både ærefrykt og djup respekt kyrkjegardsarbeidaren set spettet under og vippar steinen av sokkelen. Steinen vert sett på lager i eit års tid, for at ikkje me skal sletta noko ved ei mistyding. Kvart år vert ein stein eller to sett attende og grava festa på nytt, etter at andre slektningar enn dei som stod som festarar har kome til ein annan konklusjon. Då er det godt at steinen finst! Men for dei aller, aller fleste steinane går vegen til makulering. Ingenting skal finnast att av namn og årsens tal.

Alt har si tid under himmelen, ei tid for å så, ei tid for å hausta, står det skrive. Og nett i desse dagar er det tid for å hausta.



### Utgjevar:

Vikøy, Øystese, Ålvik og Strandebarm sokneråd

### Ansvarleg redaktør:

Olav Skeie Lid, epost: ol485@kyrkja.no

### Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

### Trykk:

Kai Hansen Trykkeri



Miljømerket trykksak



### Kontingent:

Friviljug / kr. 350,-

### Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gåver  
Vipps #584927

### Annonsar:

Kontakt redaksjonen

### Opplag:

4100 pr. nummer. Fire nummer i året.

### Tips til stoff:

Send til oslid@live.no



DEN NORSKE KYRKJA  
Kvam kyrkjelege fellesråd

### Telefon:

414 00 035 / 474 83 120

### E-post:

post.kvam@kyrkja.no

### Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje,  
Kyrkjev. 40, Norheimsund

### Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

**Informasjon om våre tenester, kontakt-  
informasjon til våre tilsette og det som  
skjer i regi av oss finn du på:**  
www.kyrkja.no/Kvam



Den norske kyrkja i Kvam



@kyrkjerikvam

**Gåver kan du også gje ved bruk av  
appen Vipps, søk opp det einkilde  
sokneråd.**

### Kyrkjevevja i Kvam:

Kyrkjevevje i Kvam:  
Olav Skeie Lid, tlf 41400035,  
epost: ol485@kyrkja.no

### Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Vetle Karlsen Eide,  
vk267@kyrkja.no, tlf. 400 35 356

### Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Roar Strømme,  
rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

### Kvam kyrkjelege fellesråd:

Lisbeth Henriksen,  
lisbethhenriksen931@gmail.com

### Rådsleiarar Strandebarm sokn:

Kåre Milje,  
kaa-milj@online.no

### Vikøy sokn:

Ingvill Sørheim,  
ingvill.sorheim@framnes.vgs.no

### Øystese sokn:

Kjell Dysvik,  
kjell.dysvik21@gmail.com

### Ålvik sokn:

Ragnhild Irene Nordheim,  
ragnhild.nordheim@gmail.com

### Organisasjonsnummer

**Kvam kyrkjelege fellesråd:**  
976 995 082



# På hjemmebesøk i Nepal

**Eli Bolkesjø Willams**

*nylig avgått leder for  
prosjektarbeid*



**Ofte snakker vi om Koshish i forbindelse med rettighetsarbeid. Noe av det handler også om forebygging. Dette gjøres ved hjelp av mediestrategier, lobbyisme og politisk påvirkning. Vi har også hatt en del fokus på arbeidet de gjør for kvinner i form av et transitthjem. Her får kvinnene behandling for traumer og psykisk lidelse, før de hjelpes tilbake til familie og lokalsamfunn. Lite har vi snakket om hva Koshish faktisk gjør på mindre sentrale steder enn byene. De jobber lokalt i enkelte provinser, og de jobber også tett på menneskene de møter. Nå er tiden inne for å vise arbeidet Koshish gjør i Gandaki og Bagmati provinser. Like før jeg sluttet i Himal Partner, og gikk inn i ny stilling i Normisjon, ble jeg bedt om å skrive noen ord om hva som er viktig å ha fokus på akkurat nå. Da er det naturlig å velge dette prosjektet.**

## Besøk til Hetauda

Jeg var nemlig så heldig at jeg fikk besøke arbeidet i mars måned. Med meg på reise hadde jeg også Silje og Ingunn. Vi dro på feltbesøk til Hetauda, som er hovedstaden i Bagmati provins. Her har Koshish opprettet et lokalt kontor med tre ansatte. Dette er tre engasjerte damer som arbeidet utrettelig med både påvirkningsarbeid på lokalt nivå og oppfølging av kvinner som hadde flyttet hjem til familiene etter behandling på transitthjemmet.

En vanlig utfordring for psykiatriske pasienter ved hjemkomst, er at man trækker opp gamle spor igjen. På behandlingshjemmet har man blitt passet på, og det er også gode rutiner tilknyttet medisiner og behandling. Men dette er akutt hjelp. Det virkelige livet skal leves når man kommer ut derfra.

Derfor trenger man ikke bare hjelp til å bli frisk, men også til å leve bedre etter behandling. Dette kalles psykoedukasjon. Dersom hjelpeapparatet

svikter på dette feltet, risikerer man en situasjon der pasientene hele tiden vender tilbake. Noen har varige psykiske problemer man må bære med seg hele livet. Da trenger man å lære å leve med det.

Koshish ser derfor behovet for at kvinnene følges tett opp ved hjelp av hjemmebesøk. Familie, venner og naboer trenger også god informasjon om hvordan de skal være til hjelp for den hjemvendte. På denne måten jobber Koshish for at dialogen ivaretas, og den hjemvendte risikerer ikke å stå i tøffe konflikter og stigmatiserende oppførsel fra sine nærmeste. Tilbakemeldingen vi får fra prosjektene, er at denne hjelpen er gull verdt.



## Sterke inntrykk

Hjemmebesøkene jeg fikk være en del av gjorde stort inntrykk på meg. Det jeg satt igjen med, er en opplevelse av å ha truffet mange sterke mødre som elsker sine barn høyt. Mødre som tross alle barrierer og gjør alt for barnet sitt.

Den første kvinnen vi besøkte, var i 30-årene. Hun hadde vært syk helt siden barndommen. I Nepal er det ikke uvanlig at den type sykdom/lidelse blir tolket som onde ånder eller straff grunnet dårlig karma. Det var derfor naturlig for familien å oppsøke hjelp hos tradisjonelle lekdoktorer. Da dette ikke hjalp, tok moren henne med til India og et sykehus som ga henne elektrosjokk. Heller ikke dette hjalp. Moren trodde alt håp var ute, men så fikk hun høre om Koshish. Datteren fikk komme til transittmottaket og endelig fikk hun hjelp. Jeg fikk høre at hun nå er omtrent 80% bedre enn hun var tidligere. Etter at hun kom hjem fra transitthjemmet

har hun fortsatt med å ta medisiner og hun har også fått støtte av Koshish til to geiter. Disse har nå blitt til 7 geiter, og gir henne mye mening i hverdagen. Å komme tilbake til jobb og aktivitet er essensielt for at psykisk syk skal fungere igjen. Man trenger noe å leve for. Det har denne jenta, og geitene gir henne også en inntekt.

Koshish hjelper også til med at hun skal få «disability card», et kort som kan gi visse fordeler avhengig av type. Dette kan være gratis medisin og ytelser fra myndighetene. Moren forteller at hun har mistet to av barna, en datter forsvant under borgerkrigen og en sønn som døde i en bilulykke. Hun forsetter å kjempe for at datteren som er psykisk syk skal få et bra liv og er veldig takknemlig for hjelpen hun får fra Koshish.

At hun står oppreist etter å ha mistet to barn og kjempet hardt for det tredje, er bare helt utrolig.



## Når mor må forsørge hele familien

Et annet besøk jeg gjorde, var også hos en hardt prøvet familie. Jeg besøkte et eldre ektepar som hadde en voksen sønn som er psykisk syk og arbeidsufør. I tillegg var faren også syk og ute av stand til å arbeide. Ikke nok med det – paret hadde også mistet en sønn i en tragisk ulykke. Mannen i huset fikk litt hjelp grunnet noen få rettigheter et «disability card» ga ham, men det var ikke mye. For at familien skal få endene til å møtes, er moren nødt til å ta det økonomiske forsørgeransvaret. Inntektene får hun ved hjelp av å selge grønnsaker i en liten bod utenfor den lokale barneskolen. Pengene til å kjøpe denne boden hadde hun fått fra et lån i «peer

support» gruppen.

Mor og sønn deltar på en støttegruppe, som på fagspråket ofte kalles «peer support». Gruppen består av mennesker i lignende situasjoner, og formålet er å hjelpe hverandre fremover. Dette viser seg å være effektivt på mange områder, helsemessig så vel som økonomisk.

Årsaken til at moren deltar på støttegruppen, er at gruppen tilbyr fellesløsninger når det kommer til mikrolån og sparing. Dette trenger hun i forbindelse med grønnaksutsalget. Problemet hennes er at salget er sesongbetont. Ellers i året er inntektene ganske små. Dette stresser henne.

Denne familien trenger egentlig mye hjelp, men det er dessverre ikke mulig å få fra myndighetene. Det er svært liten forståelse for psykisk lidelse på de ulike helsepostene tilknyttet landsbyene i Nepal.



### Arbeidet Koshish gjør

Koshish tilbyr det man i Norge ville ha kalt "Brukerstyrt assistanse". Det vil si et rehabiliteringstiltak som har til formål å hjelpe brukeren til mest mulig selvstendighet og fungering. Ved å sette brukeren i fokus, og ha en lyttende tilnærming, finner man løsningene. De seneste årene har det blitt mer søkelys på at også mennesker med psykiske helseproblemer i større grad kan trenge BPA i deler av livet som er ekstra vanskelig. Denne tankegangen er helt klart til stede i arbeidet Koshish gjør. Her finner man åpenbart løsninger som er tilpasset familiens hjelpebehov.

Koshish hjelper ikke bare til med behandling og støtte fra myndighetene, men også familiens praktiske utfordringer i hverdagen. De driver med lobbyvirksomhet for at flere typer medisiner skal bli gratis å få.

Det er også 4 typer kort som kan gi den syke ulike velferdsgoder. Ofte er fokuset til lokale myndigheter på det som kalles "red card", som er det kortet som gir de beste fordelene. Ulempen ved det røde kortet, er at man hverken kan arbeide eller reise til et annet land. Derfor jobber Koshish med å spre bevissthet knyttet til hvilke ulemper kor-

ret også gir, og at man i visse tilfeller bør tenke litt mer helhetlig.

Utfordringene står i kø, men at det her og nå gjøres noe for å bedre situasjonen, er lett å se. Fortsatt jobbes det for et mer langsiktig tilbud, som skal gi både syke og pårørende bedre støtte. Det gjenstår også en del mer arbeid tilknyttet gode løsninger for pasientens reintegrering til samfunnet igjen. Spesielt gjelder dette opplæring av både nære og mer distanserte pårørende.

Vær med og be for Koshish og støtt dem i veien videre!



*HIMAL-partner har samarbeidsavtale med alle sokna i Kvam*

## Italienske speidarar på tur

### ***Can we stay in your church? Just one night?***

Spørsmålet frå eit trettitals italienske speidarar på tur kom til oss for nokre veker sidan. Gjengen, med bakgrunn frå den katolske kyrkja si speidarrørsle, - hadde vore ei veke i Noreg, og var på heimtur. Dei kom med båten frå Odda, der dei hadde vandra i den vestlandske fjellheimen i ausregn i dagar i strekk. No var dei trøytte, og lysten til å slå opp våte telt og krypa ned i like våte soveposar var ikkje svært stor. Gleda var difor påtakeleg då kyrkja i Norheimsund opna sine dører og sa KOM INN! Me kunne berre tilby eit flislagt golv å strekkja seg ut på – men det var visst jamngodt med himmelseng for fjellvandarane. Og sjeldan har vel kyrkja hatt så takknemlege og høflege overnattarar? Dei vaska og rydda etter seg til den store gullmedalje – og i det vakre kyrkjerommet vårt fann me saman i ei felles tru og bøn til den evige Gud.

Vakkert, rett og slett.





## Solfrid kjem til oss



Det er alltid kjekt med nye fjes i gangane i kontorfløyen i kyrkja. Denne hausten høyrer me syn- gjande sørlandsk dialekt rett som det er: Solfrid Storaker Lindøy

har kome til oss. Ho er velkjent for dei fleste, med fartstid både i soknerådet i Vikøy, der ho framleis er aktiv. Ho var i mange år også drivkrafta i sundagsskulen i Norheimsund kyrkje. Sitt daglege liv har ho på Framnes, der ho er lærar. Imidlertid fann ho rom for å gå inn i trusopplæringsarbeidet i kyrkja med ein mindre stilling – og det var utruleg kjærkome! Me har over tid slite med å fylla trusopplærings-stillingane, og ein del av arbeidet har difor lide under dette. No er Solfrid klar til å gå inn i dette, arbeidet, noko ho gled seg til.

*Eg ser veldig fram til å få arbeida med dette, seier Solfrid. Å få formidla den kristne trua til nye generasjonar, er det viktigaste me som kyrkje kan gjera. Det er jo difor me er her, - er det ikkje?*

Solfrid vil for det meste arbeida med dei årsklassane som har gått litt under radaren dei siste åra, 3. – 7. klasse. Her har kyrkja mange tiltak som ventar på å bli sett ut i livet: Tårnagent, Lys Vaken, Lego-klubb – og mangt anna.

Me ynskjer Solfrid varmt velkomen til oss!

## - men kor høg skal den vera?

Tusenkrone-spørsmålet svirra i lufta då Øystese grendautval hadde samla utvalde sjeler frå sokneråd og fellesrådet, samt arkitekt Gøril Kjosås for å diskutera eit tilbakevendande spørsmål: kan me på nokon måte ver- na kyrkjegarden i Øystese litt meir mot innsyn – samstundes ivareta den unike utsikten over fjorden og fonna som me er så glade i? Diskusjonen vart aldri særleg oppheita, det var brei semje om at dette må me få til. Det er spesielt på felta D og H på kyrkje- garden dette er ynskjeleg, det vil seia

ned mot sjøen og bort mot hotellet og parkeringsplassen.

Men så var det høgda på hekken, då. Semja var unison, også her: Den lyt vera om lag ein meter for å ivareta begge desse omsyna. Ikkje for høg, og ikkje for låg. På innsida av gjerdet må det verta, om ein skal unngå kommunen sinen mange kablar som ligg tett i området. Ein ser for seg at det må bli hekk mellom kyrkjegardsporten på austsida, og langs gjerdet bort til gangsti ned på stranda.

- Og kor mykje kjem det til å kosta? kremta ein bleik og blakk kyrkjeverje, og tviheldt på lomdeboka si. Men grendautvalet sin leiar Kristi Opsanger sin trillande latter bles suta bort: Dette skal grendautvalet stå for.

Kyrkjeverja pusta letta ut, og kan berre istemma for n-te gong: lukke- leg den kyrkje som har slike krefter i grendautvalet!



# Frå Aserbajdsjan med empati og energi

**Kyrkjelydane i Kvam er blitt godt kjend med den smilande og engasjerte-organisten vår, Sevi. Imøtekomande og dyktig både på orgel og piano. Ho har allereide budd 13 år i Noreg.**

## Kva land kjem du frå?

Eg kjem frå ein by i Aserbajdsjan. Mormor mi var overlege på eit sjukehus, der eg vart fødd i 1983. Vi var to søsken i familien. Bror min var 3 år eldre enn eg



## Korleis var det å vekse opp i heimlandet ditt?

Aserbajdsjan var ein kommunistisk stat i Sovjet då eg vart født. Multikulturell, med unik blanding av aust og vest. Landet har både høge fjell og grønne dalar; stepper, skog og ørkenlandskap, vulkanar og isbrear. Det var ikkje vanleg at familiar praktiserte religion, fordi det kommunistiske regimet var ateistisk. Likevel klarte Aserbajdsjan å ta vare på mange kyrkjer, moskear og synagogar. Då president Gorbatsjov kom til makta, vart det gjennomført «Perestroika». Økonomiske utfordringar, krigen i Afghanistan og konflikta mellom dei små sovjetiske republikkane, blei starten på samanbrotet av Sovjetunionen, verdas største og mektigaste land.

I 1987 blei mange av aserbajdsjanarane som budde i Armenia, pressa ut og måtte flykta til Aserbajdsjan. Dei klaga over at den sovjetiske staten ikkje verna om dei og dei rettar dei hadde til å bu i Armenia. Etnisk reinsing i Karabakh i

1988-89 førte til demonstrasjonar mot det kommunistiske styresettet i Aserbajdsjan. I januar 1990 storma 26000 sovjetiske soldatar inn i byen for å stansa demonstrasjonane. 131 menneske miste livet, 400 vart sett i fengsel og om lag 800 vart skada. Eg minnest godt dette! Vi hadde ofte straumbrot heime og måtte sitja i mørkt og kaldt husvere. Kanskje var det grunnen til at eg byrja å elska å øve på pianoet - med stearinlys. Men etter kvart vart det våpenkvile. Aserbajdsjan fekk sjølvstende og tok til å byggje opp landet til demokrati – ei utvikling som nesten var fullført då eg drog frå landet i 2010.

## Korleis var det å gå på skule?

Eg starta i 1989; SFO og barnehage. Vi hadde det ikkje så enkelt i familien, - på grunn av den politiske situasjonen blei mange bedrifter stengde. Far, som i si tid hadde fått PhD i kjemi i ein alder av 24 år og var forskar ved universitetet, blei arbeidsledig. Landet var i krig; lite mat og vatn, straumbrot og mange flyktningar. Familien min har alltid hatt stort fokus på utdanning, og difor vart det forventa at eg skulle gå same vegen. Etter «god skikk» vart eg sendt til musikkskule, med vanleg skule og musikkundervisning. Eg lika svært godt å spela på konsertar, og ville satsa på musikken som yrke. Eg fekk bachelor i 2004, master i 2006 og kompetanse som universitetslektor i 2008.

## Og så vart du gift?

Ja, i 2006. Året etter fekk eg ein nydeleg gutt, Bahram. Eg fekk arbeid ved eit musikk-college (vidaregåande skule) medan Bahram var liten. Dermed fekk han interesse for musikk inn med morsmjølka!

## Men i 2010 hende det noko som fekk stor betydning for ditt vidare liv?

Eg hadde store planar om auka kompetanse som muskar. Skulle det lukkast, måtte eg reise ut av landet. Planen var at vi alle tre skulle dra utlands. Men då eg fekk visum og klar-signal om å dra til Norge, fekk vi ein del utfordringar: det var berre eg som fekk innreise- og opphaldsløyve i Nor-

ge. Mannen min og Bahram måtte venta, og venta, og venta.... Etter 16 månader gav mannen min opp, og trekte tilbake alle søknadsdokument for seg sjølv ved den norske ambassaden i Baku. Eg kunne ikkje seia nei til den utdanning som venta meg i Norge. Det var veldig tungt å forlate barnet. Det tok eit år før eg fekk retten til å ha Bahram saman med meg i Norge. For ei glede det var for oss begge då han kom til hit sommaren 2011! For meg vart det ordna med stipend frå Statens Lånekasse, flybilletter, og plass ved Grieg-akademiet i Bergen. Eg stortrivdes der – saman med blant anna 9 japanske jenter. I 2012 tok eg min andre mastergrad i utøvande piano.

## Kor gjekk så vegen vidare?

Eg ønskte å koma i arbeid – søkte blant anna på stilling i Nord-Noreg, og i Norheimsund. Det vart Norheimsund! I ettertid ser eg det som ei Guds styring. Eg kom til Kvam før jul i 2011, og tok til som organist i Kvam 1. januar 2012.



## Korleis vart møtet med Kvam og Hardanger?

Bahram og eg vart tekne svært godt imot! Olav Skeie Lid, Margrete og Harald Kjosås gjorde alt dei kunne for at vi skulle få ein god start her. Dei tok seg av flytting av piano; hjalp til med barnehageplass for gutten, lånte møblar og køyrde meg rundt til for å bli kjend i Kvam. Desse tre personane representerer noko som eg verdset



høgt: dei er så menneskelege og jordnære, og sameinar dette med ei djupt forankra kristen tru.



### **Så fekk du i tenesta spela på mange forskjellige orgel i 5 ulike kyrkjer?**

Margrete Kjosås tok meg med til alle kyrkjene. Det var veldig interessant å lære dei forskjellige orgel å kjenne. Samtidig fekk eg høve til å møte mange og ulike menneske. Eg kjende meg SA velkommen frå første stund av. Som åleinemor med 100% studium i Bergen og 80% arbeid i Kvam, hadde eg trong for støtte og hjelp. To damer, Ruth Steine og Kari Ljones tilbaud seg å passe på Bahram då han fekk vannkopper. Margrete henta Bahram i barnehagen dei gonger bussen frå Bergen var forsinka. Slike små, men viktige tenester, betyr mykje når ein er heilt ny på plassen. Det var lett å bli kjent med menneske – både eldre og yngre. Å koma til Sjusete var svært kjekt. Her blei eg glad i å gå på ski!

### **Kva forhold har du til den kristne tru?**

Eg vaks opp i ein ikkje-kristen heim. Då Sovjetunionen vart oppløyst, kom det kristne misjonærar til landet vårt, blant anna norske Normisjon. Dei gjorde eit stort arbeid med å restaurere gamle kyrkjer i Nord-Aserbajdsjan. Nokre gode venninner av meg var med i eit songkor i ei ortodoks kyrkja, og inviterte meg dit. Så var eg ei tid vikar for organisten i ei luthersk kyrkje i Baku. Vegen til kyrkja tok til gjennom musikken.

Den første tida i Bergen som student var på den eine sida svært triveleg, med gode medstudentar og lærerik undervisning. Men eg hadde det vanskelig: sakna gutten min i heimlandet. Då vart eg med i Slettebakken kyrkje-lyd. Eg bad til Gud om at han måtte ordna det slik at Bahram kom til Norge. Så kom han i 2011 – for eit bønnesvar! Hildegunn og Olav Øgaard (organisten i Slettebakken og kona) dreiv eit aspirantkor, kor Bahram byrja. Frå denne tida vart vi gode venner. Eg sette veldig stor pris på at dei vitja oss i Øystese nokre år seinare. Då vi to flytta til Kvam, var eg innstilt på å bli døypt i kyrkja. Dette fortalde eg til mor mi i Aserbajdsjan. Ho kunne då fortelja at eg som liten VART døypt i den ortodokse kyrkja – det hadde mi kristne mormor sørgt for. Dette var noko eg ikkje visste om, men det svara med det eg følte for: eg kjende meg alltid elska av Gud som hans barn! Då eg så fekk stadfesta dåpen med dokumentasjon, fall alle brikkar på plass.

### **Som organist er ein veldig «på utstilling», og blir bl a. lagt merke til om du spelar rett eller galt.**

#### **Er det slitande?**

Eg fekk god rettleiing av Margrete. Ho tok aldri lærarrollen på seg, men vart likevel min store lærar som gjorde klart for meg skilnaden mellom organist og kyrkjemusikar. Så i staden for å tenkja kor bra eller dårleg eg presterte reint musikalsk, fokuserte eg meir på tenesta, lærde meg å vera trygg som kyrkjemusikar.

Etter kvart fekk eg kvila i at gudstenesta feirar vi saman; det er «vi». Alle som gjer teneste, er eit «vi» saman med kyrkjelyden. Vi tilsette og frivillige i gudstenesta utgjer ein familie. Vi er saman for Guds ansikt, kor Herren talar til oss, og vi får be til Han; oppleve fellesskapet med Gud og med kvarandre, og til sist gå ut av kyrkja til ei ny veke under Guds velsigning.

### **Korleis opplever du salmesongen i gudstenestene?**

Det varierer ein del, men stort sett er salmesongen god. Med den nye salmeboka (2013), kom det inn nye

salmar i tillegg til dei kjære og kjende. Å variere med bruk av både gamle og nye salmar, og å variere mellom orgel og piano i gudstenesta, er viktig. Prest og organist har eit kontinuerleg ansvar for å utfordra kyrkjelydane til å syngja ut – som ein organist uttrykte det litt humorfylt: «Det hjelper godt på salmesongen om du opnar munnen!» Særleg på dei typiske folkekyrkjegudstenester – som konfirmasjon og dåpsgudstenester – er det viktig å førebu salmevalget grundig, og oppmuntre kyrkjelyden til å delta i salmesongen.

### **Har du teke vidareutdanning?**

Eg likar å studere, og er nysgjerrig på område innan musikk og song som eg ikkje har arbeidd med tidlegare. Å fornye seg musikalsk, og dermed ikkje «koke i same gryta» heile tida, er viktig for meg. Frå før har eg to diplomar i pianospel, og fekk bachelor som kantor i Bergen etter 2 år. Nyleg tok eg eksamen i digital jazz i Stavanger. Svært interessant – også med tanke på det kyrkjemusikalske.



### **Det er tydeleg at du trives her – med mann og tre born?**

Terje Øvrehus og eg vart gifte for nokre år tilbake, og vi har fått to born. Saman med storebror Bahram er vi nå ein familie på fem, og trives svært godt i huset vårt i Øystese. Her ønskjer vi å bli verande – ikkje minst fordi borna våre trives, og får gode oppvekstvilkår i Kvam.

Arne O. Øystese.

# Høgt hang han - men blid var han

Ein skal ikkje vera sulnig når ein vert sett til å sjekka kyrkjetaka i Kvam. Fagmann og helle-spesialist Terje Kolltveit sette seg i korga til Kvam sin største kranbil, og brukte ei veke på å synfara alle taka våre. Mykje var bra, noko var betenkjeleg. «Forsømo teke ka ho faor,» heiter det i eit gammalt kvamma-ord, – og det er gudsens sanning. Dei komande åra skal me bruka vèl på å rusta opp desse kulturskattane våre. I skrivande stund ser det ut til me får drahjelp frå ein vaknande stat, som brått forstår at kyrkjebygga treng meir enn det eit knapt kommunebudsjett kan gje dei.

Bileta talar for seg: i Ålvik måtte heile spiret fjernast – det var dønn avrusta i fundamentet. Men det skal opp att – ver du trygg.



## Gravferd utan kyrkje?

Kvam kyrkjelege fellesråd i Kvam er gravferdsforvaltning for alle som bur i heradet vårt. Dette er ei ordning som me deler med nær sagt heile landet. Dei aller fleste kommunar i landet vårt har valt å lata dei kyrkjelege fellesråda vera gravferdsforvaltning. Dette har sjølvsagt historiske årsaker, der kyrkjegardane er offisielle gravplasser, og dei ligg no eingong der dei ligg: kring kyrkjene våre. I vår multikulturelle tid er ikkje sjølve ordninga like sjølvsagt, og det finst røyster som tek til orde for at denne gravferdsforvaltninga burde vore ei kommunal teneste, og ikkje i hendene på eit fellesråd, som i kvardagen ligg snublande nært trusamfunnet Den norske kyrkja. Men enn så lenge opplever me i det daglege at fellesrådet og kyrkjevevja klarar ivareta denne tenesta på ein god og respektfull måte i møte med alle som treng våre tenester, uansett tru og livssyn.

Men på eit punkt må me melda pass: det er når nokon ynskjer eit seremonirom som er livssyns-nøytralt. Dette har verken me i gravferdsforvaltninga eller kommunen tilgang til, og det

kjennest litt sårt å måtta formidla. Dei to romma som er knytte til bærehusa i Vikøy og Øystese er så reint for små for opne gravferder. Det er sjølvsagt ingenting i vegen for å ha ein slik seremoni i eit samfunnshus, frå ein skule eller liknande – men mange meiner at dette vert eit litt stussleg alternativ? Det er det råd å vera samd i.

Så førebels er det altså slik at me har ikkje noko godt tilbud til dei som ynskjer gravferd frå eit anna lokale enn kyrkja. Det burde ha funnest i Kvam, og kanskje, kanskje kjem det eingong? Det er røyster som har lyfta dette fram frå tid til annan, og seinast i parti-programma i haust ser eg dette nemnt ved fleire høve.

Som alltid: dette vert ei kommunal prioritering. Fellesrådet er heilt avhengig av å ha kommunen med på eit slikt løft, og det vil straks reisa spørsmål om lokalisering, drift, vedlikehald, frekvens etc. Men det går ingen sti attende til den tid då kyrkja var eitt og alt, og rådde for menneskelivet frå vogge til grav, - me lever her og no, i vårt pluralistiske og mangslungne Kvam, med kulturar og religionar frå mange verdshjørne. Det skal me vera glad for – og då er det kanskje på tid at me tek konsekvensen av det, og etablerer eit livssynsøytralt seremonirom, også i Kvam.





# Dei Usynlege

Det vert fortalt om ein av dei store, italienske dirigentane at han skulle leie framføringa av ein stor komposisjon av Bach. I dette verket var det ei lutt-stemme. Lutt er eit stillfarande instrument. På orkesterprøven drukna såleis lyden av lutten i bruset frå dei mange strykeinstrumenta. Då prøven var over såg dirigenten på lutt-spelaren og sa: «Eg såg du spela og hørde det ikkje. Men Gud og Bach hørde det nok.» Det er mange slike «lutt-spelrarar» i kyrkjelydane våre. Meneske som ikkje er så høyrlege og gjerne heller ikkje så synlege. Men som likevel gjer ei umisseleg teneste for Gud og medmenneske. Mange av desse har heimen og nærmiljøet som arena. Eg vart jamleg minna om det i sørgjesamtalar, når eg hører om korleis personar i familien eller grannelaget har stilt opp

for andre som trengde ei hjelpande hand eller at nokon såg til ein. Ofte har dette strekt seg over lang tid og utan å få noko merksemd. Slik hører eg om ein stillfarande truskap som minner om salmestrofa: «Eg har ei teneste stor for Gud, frå dag til dag i det stille.»

Anneis er det ikkje i kyrkjelydsarbeidet. Nokre av oss som står i dette er høgst synlege og høyrlege, og får gjerne mykje merksemd. Andre gjer ei teneste i det stille, som er minst like viktig, men som få legg merke til. Paulus skriv om dette i 1. Kor. 12, der han samanliknar kyrkja med ein kropp, der nokre lemer er meir synlege og får meir merksemd enn andre. Men alle lemane er like viktige for at kroppen skal fungere. Slik skuldar vi å gje også dei lite synlege og høyrlege takk og ære, - ikkje minst dei som gjer

## Roar Strømme

Vikarprest i Strandebarmsokn og Vikøysokn



ei teneste med truskap over så langt tid at vi nærast tar dei for gitt.

Ikkje sjeldan finn ein desse på kjøkkenet. Vi ser dei knapt, men gjennom tenesta si skaper ei gode møteplassar og fellesskap, som vi treng i både kyrkje og samfunn. Ei slik «kjøkken-teneste» er på mange måtar også tenesta i sokneråda våre. Dei som er innvalde der avsluttar i desse dagar ein tenesteperiode på heile fire år. Mange veit knapt nok kven dei er. Men dei gjer ei umisseleg teneste, som vi er heilt avhengige av i kyrkjelyden. Så gjev gjerne sokne-rådsmedlemene, og dei andre i dei heller usynlege tenestene, eit takkens ord for det dei gjer for Gud og medmenneske!

Vikarprest Roar Strømme

## Statsråd i Øystese



Her var det berre å snu seg rundt - det er ikkje kvar dag det er ministerbesøk i bygda vår. Kjersti Toppe, barne- og familieminister, hadde tilsagt sitt nærvere nokre timar ein onsdag. Om kyrkjeverjen ville møte henne? Det ville han. Heilt åleine fekk me ikkje vera - det smatt inn ein polititar i biletet også. I lesande stund er han kanskje ordførar?

Men budskapen til statsråden varma i den friske haustlufta: i tillegg til det som alt er bevilga til vøle av Strandebarms kyrkje, vert det i desse dagar etablert eit statleg vedlikehaldsfond på mange milliardar. Dette er mildt sagt naudsynte midlar - det står mange kyrkjer og vansmektar under kummerlege kommunale budsjett. Her er det berre å ta pennen fatt og søkja - trongen er både stor og veldokumentert. Alle våre gamle kyrkjer er gryteklare søknadsobjekt for heilrenovering i åra som kjem.

Og sjå om ikkje statsråden var ei særdeles folkeleg og triveleg dame!

## Føremiddagstreff i Norheimsund og Øystese hausten 2023:

**5. september i Øystese**  
**5. oktober i Norheimsund**  
**7. november i Øystese**  
**7. november i Norheimsund**

Føremiddagstreffa er kl 11.00, og det er høveleg festprogram kvar gong. Foredrag, song og musikk, andakt, - og god tid til drøs og mat.

Sokneråda i Vikøy og Øystese står som tilskapar.

**Ver varmt velkomen!**

## 13. og 14. mai var konfirmantane frå 30.april 1972 i Øystese samla til 50-årsjubileum - eit år for seint



Foto: Fotografmester Eric Clement

Øvt frå venstre: Alfhil Børve, Helga Vestrheim Tolo, Audhild Øystese, Alfred Andersen, Arvid Børke, Sigbjørn Steinstø, Lars Gjørseter, Eldbjørg Valland Flotve, Ove Fosso, Svein Rotevatn, Hildegunn Berge, Dag Laupsa- Borge, Anne Britt Berge, Randi Eikelid, Margunn Valestrand

Framme frå venstre: Helga Bodil Rosseland, Kirsten Flotve, Eva Waage, Liv Soldal Klyve, Annfrid Johanne Haukaas, Marta Vik, Øydis Børve, Gunnvor Solheim Hjelkrem

---

## Tomme preikestolar - prest i manko

Det skal ikkje vera lett: heller ikkje 3. gongs utlysing av sokneprest-stillinga i Øystese og Ålvik førte til at nokon søkte. Det er rare tider. Heldigvis har me i Kvam særdeles oppegåande pensjonerte prestar, som trør til og er uvurderlege ressursar i kvardagen, og som syter for at det ruslar og går: Ordet vert forkynt, barn vert døypte, og me kan gravleggja våre døde. Men kor lenge.....?





# Eit årsmøte i gamle dagar

**For ei tid sidan fekk eg overlevert eit referat frå eit indremisjons-årsmøte i Strandebarm i 1880. Referatet hadde visstnok stått i «Fædrelandsvennen». 10.000 menneske skulle ha vore samla, og personen eg fekk referatet frå, undra seg over at så mange kunne samlast, og finna overnatting.**

Vedkomande som sende artikkelen til FV, kom med «DS Folgefondens» til Bakka. Han skildrar vegen fram til stemnestaden og positive og negative opplevingar fram til «Grønnedal» der stemna var. Artikkelen, så langt som eg har, skil seg litt frå det offisielle referatet frå møtet, der det åndelege fekk større plass.

Begge referata set av stor plass til å skildra vèret og tilstrøyinga.

I FV-referatet kan me lesa:

*Da er det godt at faa gaa om bord i en vore bekvemme Kystbaade eller Fjordbaade og indaande den friske Havluft og faa et Lungebad i den fine, rene Luft i vore norske Fjorde. Saaledes var det, da vi i forleden Uge tog indover til Strandebarm i Hardanger, hvor det*

*16 de Aarsmøde for Indremisjonen i Søndhordland, Hardanger og Vos skulde afholdes.*

Men det var ikkje alle som kom med betalt skyss. Mange segla eller rodde. Mange gjekk. I det referatet Indremisjonen skreiv, står det, og det er pastor Lars Oftedal som fortel:

*«En uoverskuelig Skare af Folk var allerede før ad andre Veie ankomne, dels indenfra paa Sexæringer eller Dampbaad, 2 – 300 tilfods 3 Mil over Fjeldene fra Samnanger og flere Steder, dels udenfra paa Jagter, Skøyter og Baade i saadant Antal, at de laa Æsing i Æsing optrukne langs alle Strænder. De vare komne ligefra Skonevig, og Valestrand paa Baad. En Færing med 5 Personer ifra et Hus havde roet 13 ½ Mil.»*

Elles er det to ting eg særleg merkar meg i Oftedal sitt referat. Først:

*«Det første Samtaleemne, hvortil man nu gikk over, var dette: «Om forskjellen mellom den levende og døde Tro.»*

Konklusjonen på drøftingane var:

*«Den levende Troes Forudsætning er «en syndig Jammers Følelse»; den samme Følelse følger ogsaa med Troen alle Dage. Troen kjender Glæde over Budskabet om Felsen i Kristo og er en personlig Erfaring af Guds forbar-*

*mende Kjærlighed mod en selv, virket af den Helligaand i det angergivne Hjerte.»..... «Den døde Tro kan være forenet med en klar og grei Besked om Saliggjorelsens orden og Vej, en nøyaktig lagttagelse af alle Gudsdyrkelsens Former, en regelmæssig Benyttelse af Naadens Midler. Er den tillige forenet med Hykleri, kan den have en aldeles skuffende Lighed med den levende Tro, idet Kanaansproget er saa godt eftergjort. Men den er uden Anger og Sorg over Synden, uden Glæde, uden Strid, uden daglig Renselse, uden Kjærlighed til det gode og til Brødrene, uden Frykt og Bevelse, lig et afhugget Træ, et Legeme uden Aand.»*

Dernest var det noko ei 13 år gammal jente fortalde. Ho hadde vore med på årsmøtet. Det var Åndsmakta og bedande menneske ho fortalde hadde gjort sterkt inntrykk. I pausane i programmet søkte folk saman i små grupper eller åleine. Kvar ein snudde seg låg folk på kne og bad.

Eg har gjort meg tankar om at det er Lars Oftedal som har skrive begge referata, både det offisielle og det som stod i Fædrelandsvennen. I avisa har han ei heil utgreiing om kva som møtte dei som kom til Bakka med «Folgefondens». Der hadde eigarane vedtatt å ta 7 øre av kvar passasjer som gjekk over kaien deira. Sjølve summen var ikkje så stor, men trengsla gjorde at det var problem med å få att på ein 25-øring eller 10-øring, og så vart prisen deretter. Ordninga gjorde sitt til at ein person vart pressa på sjøen.

Men stemne vart det i 1880. Og vèret var strålende.

Oftedal var ikkje berre med på å starta Indremisjonen, men var talar og ordstyrar på ikkje mindre enn 19 årsmøte. I tillegg var han ordstyrar på eitt.

Ove-Kjell Sakseid



# Milliondryss frå riksantikvaren

Strandebarm kyrkje får ei kjærkomen handsrekkjing frå riksantikvaren: I samband med den store vøla som skal koma, der alle hellene skal takast ned og leggjast opp att, har kyrkjeleg fellestråd i Kvam fått tilskot på kr 1,5 millionar frå Riksantikvaren. Dette er storveges, og både fellestråd og økonomisjefen i Kvam herad er glade for at staten rekkjer ut ei hand til kommunane. Det skulle vel forresten berre mangla? Dette er kulturbygg som gjennom århundre har forma samfunnet, - skulle ikkje staten stå i fremste rekkje når dei skal vedlikehaldast?

Det er ei stortingsmelding på gang om eit statleg vedlikehaldsløft for alle dei 1900 kyrkjene i landet vårt. Meldinga er sagt å koma i 2025 - og fylgjer det pengar med, eller vert det berre ord? Til så lenge er det kommunane som sit med vedlikehaldsansvaret gjennom å finisera fellestråda. Kom på banen, stat!



## FRÅ KYRKJEBØKENE



### Dåp

#### Øystese sokn

Emilie Øyri Eikeland  
Amalie Almaiz Byrkjeland  
Åsa Flotve-Mo  
Jon Vangen Eide  
Noah Spilde Eriksen

#### Vikøy sokn

Erle Vågen-Tveiten  
Sverre Sunde Apeltun Ese  
Frida Rykkje  
Laura Rose Bonhill-Thowsen  
Astrid Torpe Johansen  
Ada Lothe Rykkje

#### Strandebarm sokn

Solveig Djupesland Tveitnes  
Mie Langesæter



### Gravferd

#### Ålvik sokn

Kirsten Berit Storaas (f. 1939)

#### Øystese sokn

Ester Marie Rullestad (f. 1954)  
Arne Steinstrøm (f. 1938)  
Solfrid Camilla Råen (f. 1928)  
Helga Tønning (f. 1945)  
Birger Aalvik (f. 1933)  
Sverre H. Soldal (f. 1931)  
Nils H. Vik (f. 1938)

#### Vikøy sokn

Thorbjørn Johan Knutsen (f. 1928)  
Mona Augustad (f. 1962)  
Ishara Mashengesho (f. 2018)  
Anved Johan Byrkjeland (f. 1932)

#### Strandebarm sokn

Bjarte Fredheim (f. 1932)  
Arne Milje (f. 1933)  
Målfrid Berge (f. 1936)  
Ola Gauteplass (f. 1950)  
Ingebjørg Oma (f. 1927)



### Vigde

#### Strandebarm sokn

Pernille Djupesland og Lars Tveitnes

Regine Oen Hatten og Nils-Magne Rong  
(Hardingasete)

Juni Langesæter Helgesen og  
Erling Frantzen Strømme

Oda Børresen Skjølsvold og  
Vegard Brattøy Løvik

#### Vikøy sokn

Bente Valland Tolo og Odd Bovim

#### Øystese sokn

Sarah Nærø Pettersen og Sigmund Vestrheim

Kirsti Ekaas Sandven og Cato Landsvik

Ina Gauden Lid og Sigbjørn Rykkje

Linn Kristin Lie Øyri og Torgeir Teigum

Martha Hellestveit og Samson Neteland



# GUDSTENESTER I SOKNA

## 3. september

Øystese kyrkje kl. 11.00  
Vikarprest Roar Strømme  
Konfirmasjonspresentasjon  
og 50-års konfirmantjubilantar

## 3. september

Strandebarm kyrkje kl. 11.00  
Sokneprest Vetle Karlsen Eide  
Konfirmasjonspresentasjon og kon-  
firmantjubleum

## 10. september

Norheimsund kyrkje kl. 11.00  
Vikarprest Roar Strømme  
Konfirmantpresentasjon  
og 50-års konfirmantjubilantar

## 10. september

Ålvik kyrkje kl. 17.00  
Vikarprest  
Konfirmantpresentasjon

## 17. september

Øystese kyrkje kl. 11.00  
Vikarprest  
Haustakkefest  
Bok til 4-åringane

## 17. september

Strandebarm kyrkje kl. 11.00  
Vikarprest Roar Strømme  
Dialektfestivalgudsteneste

## 24. september

Ålvik kyrkje kl. 11.00  
Vikarprest Brigt Sigve Skeie  
Bok til 4- og 6-åringane

## 24. september

Norheimsund kyrkje kl. 11.00  
Vikarprest Arne O. Øystese  
Utdeling av bok til 4-åringene

## oktober

Strandebarm kyrkje kl. 11.00  
Sokneprest Vetle Karlsen Eide  
Utdeling av bok til 4-åringene

## oktober

Øystese kyrkje kl. 11.00  
Hausttakkefest?  
Vikarprest Roar Strømme

## 8. oktober

Norheimsund kyrkje kl. 11.00  
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

## 15. oktober

Ålvik kyrkje kl. 11.00  
Vikarprest Arne O. Øystese

## 15. oktober

Øystese kyrkje kl. 19.00  
Vikarprest Arne O. Øystese

## 22. oktober

Strandebarm kyrkje kl. 11.00  
Vikarprest Roar Strømme

## 22. oktober

Norheimsund kyrkje kl. 19.00  
Vikarprest Roar Strømme  
Jubileumsgudsteneste – NMS  
Jazzmesse

## 29. oktober

Øystese kyrkje kl. 11.00  
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

## 5. november

Vikøy kyrkje kl. 11.00  
Sokneprest Vetle Karlsen Eide  
Helgemesse

## 5. november

Ålvik kyrkje kl. 11.00  
Vikarprest Roar Strømme  
Helgemesse

## 5. november

Strandebarm kyrkje kl. 17.00  
Sokneprest Vetle Karlsen Eide  
Helgemesse

## 5. november

Øystese kyrkje kl. 17.00  
Vikarprest Roar Strømme  
Helgemesse

## 12. november

Norheimsund kyrkje kl. 11.00  
Sokneprest Vetle Karlsen Eide  
Lys vaken

## 12. november

Strandebarm kyrkje kl. 17.00  
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

## 19. november

Ålvik kyrkje kl. 17.00  
Vikarprest Roar Strømme  
Fakkeltog til snublesteinane?  
Lys vaken?

## 19. november

Øystese kyrkje kl. 11.00  
Vikarprest Roar Strømme  
Lys Vaken

## 26. november

Strandebarm kyrkje kl. 11.00  
Vikarprest Roar Strømme

## 26. november

Norheimsund kyrkje kl. 19.00  
Vikarprest Arne O. Øystese

## desember

Norheimsund kyrkje kl. 16.00  
Sokneprest Vetle Karlsen Eide  
Lysmesse

## desember

Ålvik kyrkje kl. 17.00  
Vikarprest Roar Strømme  
Lysmesse

## 10. desember

Strandebarm kyrkje kl. 17.00  
Vikarprest Roar Strømme  
Lysmesse

## 10. desember

Øystese kyrkje kl. 19.00  
Vikarprest Arne O. Øystese  
Lysmesse

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF!

**- Din lokale VVS-leverandør**

**Våre fagfelt:**

- Sanitæranlegg
- Varmeanlegg
- Blikkenslagerarbeid
- Luftbehandlingsanlegg
- Automasjon/SD-anlegg
- Rehabilitering
- Nybygg hus/hytter
- Service

Tlf. 56 55 36 00 - [www.tecno.no](http://www.tecno.no) - E-post: [post@tecno.no](mailto:post@tecno.no)

TRANSPORT | KRANARBEID | MASKINTRANSPORT  
CONTAINERUTLEIGE | SAL AV FÖR, SINGEL OG SAND

**JAN MO AS**

Øystese | 56 55 59 22 | [janmo.no](http://janmo.no)

**JOHAN SKEIE AS**  
GRAVING • BETONG • BRØYTING

Du når oss på tlf 915 45 745

**GULES**

Gule's Landbruk har eit breitt sortiment av reiskap for jordbrukar, entreprenørar og kommunar.

Firmapost@gules.no

Hardangerfjordvegen 569, 5610 Øystese. Tlf 56 55 53 19

**Øystese Elektriske AS**

**DIN LOKALE ELEKTRIKAR**  
- brei erfaring innan bustad, industri og landbruk

Installasjon og service av:

- Sterk- og svakstrøm
- ENØK og smarthusløyisingar
- Tele og datanettverk
- Varmepumper

Tlf: 56 55 04 40 • [www.oelas.no](http://www.oelas.no)

Byggmeister  
**PER AUGESTAD A/S**  
Tlf. 56 55 28 70 • Mob.: 950 59 910  
Epost: [per@peraugestad.no](mailto:per@peraugestad.no) heimeside: [www.peraugestad.no](http://www.peraugestad.no)

**MESTERHUS**  
[www.mesterhus.no](http://www.mesterhus.no)

**optikk Bjelland**

**Briller - kontaktlinser - ur**  
[www.optikar-bjelland.no](http://www.optikar-bjelland.no) tlf.: 56 55 20 50

**HB HARDANGER BYGGSENTER**

[www.hardangerbyggsenter.no](http://www.hardangerbyggsenter.no)

**BYGGtorget MESTERHUS**  
- det blir som avtalt

**KVAM KRAFTVERK**

**Til deg! For deg!**

**SparebankenVest**  
- satsar på vestlandet

[www.spv.no](http://www.spv.no) | Tlf. 05555



# Pinsevandring

*Ei kortreist pilgrimsferd*



Pinsevandringa til Holsete starta ved parkeringsplassen på Haukås. Det møtte opp 23 personar sjølv på ein grå og regnfull dag. På veg oppetter til Holsete hadde me korte stopp, der Johannes Børsheim les teksten og sokneprest Vetle Karlsen Eide fortalte om teksten.

Når ein kom opp til klokketårnet på Holsete så samlast me , og Lars Gjerde ringte i tårnet. Ein avslutta med «No livnar det i lundar». Det var kjekt att det møtte opp folk frå andre sokn og.

Strandebarm Sokneråd  
Kåre Milje



## Kistesinking med tau i gravferder

**Frå 2019 har det i Strandebarm vore høve til senking av kista i grava med tau. Men det er også mogeleg for pårørande å velja senking med senkeapparat. Det har vore nytta senkeapparat i mange år, og det er den måten folk er vane med no. For dei som føler seg utrygge med å senka kista på gamlemåten med tau, er det difor mogleg å velja senkeapparat.**

Soknerådet har bestemt å gå bort frå ordninga med fast bruk av senkeapparat i gravferder. Dette mellom anna avdi mange opplever det er meir deltakande for pårørande å nytta tau, og at det kan opplevast generande lyd frå senkeapparat. Det kan òg letta arbeidet for gravaren. Ordninga er innført for å få ei betre oppleving og meir personleg deltaking i gravferda. Dette har ein positive erfaringar frå andre sokn som har gått attende til slik senking.

Dei nye båretaua med krokar og stativ er laga handverksmessig på Hardanger Fartøyvernsenter, og er å finna i bårhuset. Bruk av tau må avtalast på førehand i samband med planlegging av gravferda.



Kyrkjeleg tilsette har i samarbeid med gravferdsbyrå ansvar for å ha gode rutinar for å halde styr på kva type senking det skal vere i kvar enkelt gravferd.

Stranderbarm Sokneråd ved Olav Tombre

## Kyrkjeklubben

### ***Dette er staden for å bli i godt humør!***

Aldri er himmelen nærare enn på kyrkjeklubben, der filteret er borte, og alle kjensler kjem til uttrykk. Det meste vert så enkelt her, gleda er stor, og songen ljomar under kvelven. Mange innspel og kommentarar flyg gjennom lufta, lys må tennast, bønner må bedast. Og så må me eta, sjølvstekt! Ingen god kyrkjeclubb utan eit velsigna måltid som avrunding.

*Takk for alt de gjev oss, gode vener i Kyrkjeklubben!*



## Politikk, takk!

Kyrkjelydssalen i Norheimsund rommer så mangt. Her er det minnestunder i samband med gravferd, her er det utleige til kurs for kommunen, her samlast barn og unge, gamle og endå eldre, til samlingar kvar månad.

Og rett no før valet fann tema-komiteen frå Vikøy sokneråd ut at dei ville utfordra politikarane i Kvam til å seia noko om Kvam sin litt hårete visjon: skapa ei oppsiktsvekkjande framtid. Politikarane kom, pressa kom - og folk kom. Det syda og kokte heile kvelden til ende. Om me vart klokare? Det er ikkje godt å seia.

Ein kyrkjelydssal kan nyttast til nesten alt. Samfunn og kyrkje er to sider av same sak i svært mange av livets møtepunkt. Skulle det ikkje vera svært så naurleg å diskutera samfunnsutvikling og verdival nettopp her?



Sokneprest Vetle Karlsen Eide



Ordstyrar var Sverre Lindøy

